

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 68/2003

Møtedato: 3.12.03

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT - ELGMERKEPROSJEKT

Det er under planlegging eit felles elgmerkingsprosjekt i Numedal, Hallingdal og Valdres. I Valdres gjeld dette vest for Begnavassdraget i kommunane N.Aurdal, S.Aurdal, V.Slidre og Vang.

Prosjektet har som mål å gi svar på følgjande problemstillingar:

- Elgens leveområde gjennom året – sesongmessige trekk mellom beiteområda
- Elgens områdebruk i løpet av elgjakta
- Elgens bruk av fjellområda
- Ut- innvandring av kalv/ungdyr

Kartlegging av elgen sine trekkveggar og områdebruk vi gi nyttig informasjon som kan nyttast i forvaltning på tvers av vald- og kommunegrensar. Saman med beiter registreringar vil dette kunne gi svar som er nødvendige for å drive ein bestandsvis elgforvaltning.

Prosjektet har ei kostnadsramme 3,5 mill. kroner. Størsteparten av dette blir finansiert ved tilskot frå Fylkesmannen og kommunane. Det er skissert ei utgift i kvart jaktfeltet på kr 100 pr. felt elg over ei periode på fire år. Nærare orientering om prosjektet er gjeve i skriv datert 13.11.03.

Initiativtakarane ber om eit bindande svar om ein ynskjer å støtte tiltaket på dei vilkår som er skissert i prosjektbeskrivinga.

VEDTAK:

Fjellstyret ser dette tiltaket som svært viktig for framtidig forvaltning av elgstamma og ynskjer å delta i prosjektet.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 4.12.03.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Driftsplanlaget i Vestre Slidre
Ål kommune v/Tor Erik Buttingsrud, Torget 1, 3570 Ål